



- Vi har god samvittighet, seier leiinga ved Eidsvik. No går arbeidet for fullt med trålarar som skal leverast til Austevoll til våren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eidsvik har veldig god samvittighet på miljøsektoren. Det er berre små bagatellar ved vår bedrift som er trukke fram som avvik i denne rapporten. Men sjølvsagt tek vi omsyn til dei, Det seier dagleg leiar Svein Arne Eidsvik når uskedalen.no spør om ein kommentar til resultatet av ein kontrollaksjon som Fylkesmannen gjennomførte sist haust. Den var retta mot skipsverfsindustrien i fylket og omfatta 17 skipsverft og mekaniske verksemder med slipp.

Svein Arne Eidsvik viser også til at det i dag ikkje finst noko spesifikt regelverk som regulerar skipsverft.

Rapporten, som før helga vart lagt ut på innsida.no, har som hovudkonklusjon at det trengst tiltak for å unngå utslipp av forureina spylevatn og at handteringa av farleg avfall må bli betre. "Lamgt att før skopsverfta er ein god miljøhamn", har Fylkesmannen sett som overskrift på pressemeldinga om saka.

Fylkesmannen opsummerar slik:

- * Ingen av dei kontrollerte verksemdene hadde gjennomført tiltak for å hindre utslepp av forureining frå slippar eller hadde dokumentasjon på innhaldet av spylevatn som vert sleppt ut i sjøen.
- * 15 av 17 hadde mangelfull handtering av farleg avfall.
- * 14 av 15 hadde manglar ved sin internkontroll som skal sikra etterleving av miljølovverket.
- * 10 verksemdar hadde ikkje vurdert substitusjon (erstatning med stoff med mindre helse- og miljørisiko).
- * Ni mangla oppdatert miljøinformasjon om stoff som vert brukt.

Ei verksemd, Aker Stord AS, hadde ingen avvik frå regelverket.

Ved Eidsvik Skipsbyggeri vart det avdekka fire avvik og to merknader. Fylkesmannens to kontrollørar peikar mellom anna på at handteringa av farleg avfall ikkje var tilfredsstillande, at Eidsvik ikkje har vurdert substitusjon

og at internkontrollen for ytre miljø hadde manglar.

Det verksemdene som hadde avvik, må rette opp disse så snart som råd. Dersom ikkje avvika vert lukka, kan Fylkesmannen bruka tvangsmulkt som verkemiddel. Nye kontrollar vil bli gjennomførte dette året.

Av Ola Matti Mathisen